



## Klar for klårgjering

Kva gjer ein fornyings- og administrasjonsminister når hennar eigne familiemedlemmer ikkje forstår pensjonsinformasjonen? Og når ho får brev med formuleringar som «vi skjår fram til neste møte» og «vi haldar oss til saka»? Jo, ho tek initiativ til eit prosjekt for betre språk i staten.



Foto: Margrethe Kvarenes

– Eg var nerden som likte diktanalyse på skulen, smiler statsråd Heidi Grande Røys.

Men språknerden i henne er ikkje den einaste drivkrafta. I tillegg kjem rettferdskjensla og – vedgår ho – ein aldri så liten dose irritasjon over språkleg slurv. Men irritasjonen går visst ikkje ut over humøret elles. Opplagd og oppglødd legg Grande Røys fram tankane sine om prosjektet *Klart språk i staten*.

### Det offentlege skal vere eit føredøme

Språket i staten var jamt over tyngre og meir statusprega før i tida, men ein del heng enno att i veggene, meiner statsråden. Språkvanar er ekstra vonde å vende.

Det finst forstålege grunnar til det. Alle sakshandsamarar vil sjølvsagt gjerne formulere seg godt, men mange er likevel redde for å ordleggje seg enkelt. Ein vil jo ikkje vere fagleg upresis eller risikere å love for mykje på vegner av det offentlege! I juridisk samanheng må ein ofte ta innflokke atterhald, og i tekstar til fagfellar må ein nytte fagterminologi.

Ein kan ikkje gjere alle tekstar til folkelesnad. Likevel er statsråden sikker på at det oftast er fullt mogleg å framstille kompliserte regelverk og saksforhold både forsvarleg og forståeleg. Men det krev ekstra innsats og utradisjonell tenking, meiner ho. Eit godt tiltak er å la statstilsette få meir trening i å skrive for nettet. Når ein skriv med tanke på publisering, er det lettare å setje seg i lesaren sin stad og få auge på det som er uklårt. Det trengst fleire e-læringskurs, lett tilgjengelege hjelpemiddel og språkverktøy på nettet. Den nye nettsida [www.klarspråk.no](http://www.klarspråk.no) er eit steg i rett lei. Her finn ein mellom anna skrivaråd, tekstdøme, språkblogg og informasjon om språkprosjekt, kurs og ein nyoppretta klarspråkspris.

Statsråd Heidi Grande Røys klarar frasene.

til side 2 →

### Prosjektet *Klart språk i staten*

Treårig prosjekt (2008–2010).

Fornyings- og administrasjonsdepartementet betaler, Språkrådet og Direktoratet for forvaltning og IKT har ansvaret.

I 2010 overtek Språkrådet drifta.

Prosjektet omfattar mellom anna ein ny nettstad med informasjon og verktøy til både offentleg og privat bruk.

All informasjon finst på [www.klarspråk.no](http://www.klarspråk.no) / [www.klarsprak.no](http://www.klarsprak.no)

### Endring i stadnamnlova

Stortinget har samrøystes slutta seg til eit framlegg om å endre stadnamnlova. Frå no av skal skrivemåten av gards- og bruksnamn godkjennast av grunneigaren. I innstillinga frå familie- og kulturkomiteen blir det også signalisert at grunnregelen om å følge norsk rettskriving ikkje skal gjelde gards- og bruksnamn. I praksis vil dette seie at eit gardsnamn som òg er brukt som namn på fleire underbruk, kan få ulike skrivemåtar, t.d. *Vik, Vig, Wik, Wiik* osv., alt etter kva eigarane av underbruka ønskjer.

## Språkrådet

På nettet:  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)

- Aktuelt
- Ordbøker
- Råd om språk
- Fakta om norsk
- Lov og rett
- Leik og lær
- Andre språksider

## Hilsningsfraser

I *Statsspråk* i nr. 4/2008 er de vanligste alternativene for avslutningshilsen i e-post oppgitt å være *Hilsen / Med hilsen / Vennlig hilsen / Med vennlig hilsen*. Når det gjelder siste alternativ, finner jeg det riktig å påpeke en ytring fra Statsspråks redaktør i *Statsspråk* nr. 1/2005. Redaktøren er enig i uttalelsen til innsenderen, at det enten skal hete *Vennlig hilsen* eller *Med hilsen*.

Vennlig hilsen  
*Kjell Molkersrød*, Norges vassdrags- og energidirektorat

SVAR: Konvensjoner og tradisjoner sier at en bør velge *Hilsen*, *Med hilsen* eller *Vennlig hilsen*. «Med» i *Med vennlig hilsen* kan betraktes som overflødig. Det er likevel ingenting grammatisk feil med denne konstruksjonen, og den kan ikke regnes som en uakseptabel avslutningshilsen. Språkrådet kan ikke avgjøre hvor høflige, formelle eller vennlige folk skal være. Vi vil likevel holde fast ved at *hilsen* må oppfattes som en vennlig (nok) hilsen i offentlig tjeneste. *Red.*

## Nye forkortelser og nye ord

Jeg vil gjerne dele en forkortelse som jeg aldri har sett før: *Saken behandles ila. dagen*. Altså en forkortelse for «i løpet av». Når kommer *ilad.*, *ilau.*, *ilam.* og *ilaå.*?

Jeg har også et forslag til et nytt ord: *kumlekoma* etter mønster av svensk *paltkoma*, som er den mette døsen man glir inn i etter et måltid. Vi har vel alle syntet synd på den foredragsholderen som holder første innlegg etter en bedre møtelunsj? Det kunne være artig om ordet ble «godkjent».

*Pål Erdal*, Arbeidstilsynet



Foto: © Westend61 / Masterfile (RM) / Scanpix

*Medarbeider i kumlekoma?*

SVAR: Forkortelsen *ila.* står ikke i noen normative oppslagsverk. Generelt råder vi folk til å unngå å bruke for mange forkortelser i løpende tekst. De kan virke ekskluderende på mange og forutsetter ofte at leseren har visse kunnskaper.

Språkrådet har ikke mandat til å godkjenne nye ord. Er ordet levedyktig, vil det ofte spre seg til så mange brukere at det til slutt blir fanget opp av ordbokredaksjonene. Det er ikke Språkrådet som bestemmer når tiden er inne. Men vi kan godt ønske *kumlekoma* lykke til. Samtidig vil vi nevne at *i løpet av året* på en enklere måte kan uttrykkes med *i år*. *Red.*

## Statslyrikk

Tusen takk for alle de hyggelige tilbakemeldingene vi har fått etter oppfordringen i nr. 4/2008 om å sende oss dikt. Vi hører gjerne fra flere lesere. Odd Lund, som har skrevet diktet «totonelag» på side 4, arbeider i Utdanningsdirektoratet.

→ Klar for klårgjering ... frå side 1

## Eit leiaransvar

Dokumentet *Plattform for leiing i staten*, som fastset rammer og prinsipp for statleg leiaransvar, slår fast at godt språk er eit leiaransvar.

– Skal vi få skikk på den grunnleggjande skrivekulturen i det offentlege, nyttar verken skippertak eller spreidd småflikking. Det held ikkje å berre sende på kurs dei som alt er motiverte og engasjerte. Sjølv dei mest ihuga språkentusiastane treng eit fast apparat og støtte frå leiinga.

Når leiarar sender signal om kva som er viktig, får det gjerne ringverknader. Sjølv opplever Grande Røys at folk ventar meir av det offentlege når ho slår eit slag for godt språk.

– Heldigvis er det mange leiarar som alt er svært språkmedvitne, seier statsråden nøgd.

## Spar tid og pengar

Særleg statlege verksemdar med mange brukarar, som Nav og Statens pensjonskasse (SPK), kan spare mykje tid og pengar ved å informere om rettar og plikter på lettfattaleg vis.

– SPK oppdaga i fjor at ei lita gruppe medlemmer ikkje hadde fått utbetalt pensjonen sin. Dei hadde krav på såkalla oppsett pensjon. Det var sendt ut brev, men

mange skjønnte ikkje at dei måtte svare for å utløyse retten. Hovudgrunnane til det var truleg at språket i brevet var vanskeleg å forstå, og at det sentrale omgrepet «oppsett pensjon» ikkje var forklart.

– Slikt skal vere det offentlege sitt problem, ikkje innbyggjarane sitt, konstaterer Grande Røys.

SPK tok ansvaret sjølv i dette tilfellet, og har no fått midlar til språkforbetring.

## Ingen ny tanke

Det er ikkje første gongen offentleg språkbruk står på saklista. Betre språk var eit viktig element både i *Aksjon publikum* på 1980-talet og *Eit enklare Noreg* sist på 1990-talet.

Statsråden håpar sjølvsagt på gode resultat og varig verknad denne gongen. Det nye prosjektet står på eigne bein og skil seg såleis frå dei tidlegare, som var ledd i større prosjekt. Arbeidet skal halde fram i regi av Språkrådet etter at samarbeidsprosjektet er avslutta i 2010.

Den generelle samfunnsutviklinga gir òg ei viss draghjelp. Mykje sakshandsaming går no på e-post, og sidan e-post er ein mindre formell kanal enn brev, blir forma lett meir munnleg og direkte. Den uformelle korrespon-

dansen og meir interaktive nettenester gjer at innbyggjarane deltek meir aktivt enn før.

## Gi beskjed!

– Har dei nye nettfenomena gitt innbyggjarane meir makt og innverknad?

– Ja! Dei har dessutan oppdragande verknad. Alt frå brev til tekstmeldingar skal journalførast, så forvaltningsmåten og ikkje minst stilen blir verkeleg utfordra. Det er både nyttig og morosamt.

– No må vi ikkje gløyme alt det gode språkarbeidet mange statlege organ alt har gjort, presiserer statsråden til slutt. Eg tenkjer på mellom andre SPK, Nav, Utlendingsdirektoratet og fylkesmannsembeta. Mange offentlege dokument har både klår, korrekt og brukarvenleg språkføring.

Det er likevel ikkje gjenstand for tvil at det kan gjerast gjeldande at det er eit betydeleg forbetningspotensial med omsyn til grad av språkmessig klårheit i staten – eller, om du vil: Det er ingen tvil om at vi kan bli mykje flinkare til å skrive klårt!

Før det målet er nådd, kan folk følge dette rådet frå statsråden: Ta gjerne direkte kontakt med avsendaren om du får tilsendt noko du ikkje forstår!



## Punktleg tekst

Punktlistor, eller punktoppstillingar, er eit nyttig hjelpemiddel når vi skal tydeleggjere viktig informasjon. Det gjeld særleg oppramsing av mange og/eller lange ledd. I staden for å la sideordna tekstelement drukne i eit kompakt avsnitt med samanhengande tekst kan vi setje dei på kvar si linje i ei oversynleg liste. Det finst fleire måtar å gjere det på. Ikkje alle er like gode. Her er nokre råd.

### PUNKTLISTEREGLAR

- Bruk punktlistor når du vil gjere teksten klårare og meir tilgjengeleg for lesaren. Spar likevel punktlistene til det viktigaste.
- La kvart punkt i punktlista vere eit direkte framhald av setninga som innleier punktlista.
- Bruk liten forbokstav i punkta. Unntaket er når dei inneheld heilsetningar. Då skal det vere stor forbokstav i kvar setning, slik som her.
- Bruk ikkje komma eller punktum etter punkta. Unntaket er når eitt eller fleire punkt inneheld ei heilsetning. Då skal setningane ha punktum eller eit anna teikn etter seg.
- Gje alle punkta same form og struktur.



Vi har valt å innleie punkta med tankestrek, men ein kan òg bruke til dømes kulepunkt, tal og små bokstavar.

### Korte punkt

Vi kan tenkje oss denne setninga:

*Skal du få godkjent utdanninga, må du ha stått på eksamen i norsk som andrespråk, engelsk for nordmenn og svenskar og matematikk.*

Punktlista kan du setje opp slik:

Skal du få godkjent utdanninga, må du ha stått på eksamen i

- norsk som andrespråk
- engelsk for nordmenn og svenskar
- matematikk

Her er kvart punkt eit framhald av innleingssetninga. Derfor er det liten forbokstav i punkta, ikkje kolon etter innleingssetninga og heller ikkje noko anna teikn sist i kvart punkt.

Dersom det ikkje går tydeleg fram om alle eller berre nokre av vilkåra må vere oppfylte, kan vi presisere slik:

Skal du få godkjent utdanninga, må du ha stått på eksamen i minst eitt av / alle desse faga:

- norsk som andrespråk
- engelsk for nordmenn og svenskar
- matematikk

Her er ikkje kvart punkt eit direkte framhald av ei setning. Så lenge vi ikkje har heile setningar etter kolon, skal kvart av punkta innleiest med liten forbokstav.

### Lengre punkt

Døme: *Når du tek eksamen, kan du ikkje bruke hjelpemiddel, snakke med andre eksamenskandidatar eller forlate eksamenlokalet åleine.*

Vi kan skrive det same i punktlisteform slik:

Når du tek eksamen, kan du ikkje

- bruke hjelpemiddel
- snakke med andre eksamenskandidatar
- forlate eksamenlokalet åleine

Som i den første punktlista er kvart punkt eit direkte framhald av setninga over punktlista. Heller ikkje her skal det vere komma mellom punkta eller punktum etter det siste punktet.

### Leddsetningar

Sensor må hugse på

- at eksamenstida no er redusert med to timar
- at oppgåvene er meir krevjande enn tidlegare
- at examen philosophicum ikkje er obligatorisk

Vi kan òg la subjunksjonen *at* stå til slutt i innleingssetninga, men slik det er sett opp her, blir det meir oversynleg. Subjunksjonen fungerer som ein punktmarkør.

### Fullstendige setningar

Før eksamen er det mykje praktisk som må ordnast:

- Dei fagansvarlege skal lage eksamensoppgåver.
- Administrasjonen må skaffe eksamensvakter.
- Nettredaktøren skal leggje ut informasjon om når og kvar eksamen skal haldest.

Her er det heile setningar i punkta. Derfor skal det vere stor forbokstav i første ordet og punktum sist i kvar av setningane.

### Fleire nivå

Lister med fleire nivå må ha ein klår struktur.

Sensor skal leggje vekt på

- kva arbeid studenten faktisk har utført
- korleis studenten har nærma seg stoffet
- kva metode studenten har brukt, til dømes
  - intervju
  - spørjeundersøking
  - telefonerrør

### Parallellitet

Punktlistene blir meir oversiktlege når punkta har same form og struktur, at dei til dømes er substantivuttrykk, *at*-setningar eller fulle setningar. Dette kallar vi språkleg parallellitet. Det bør òg vere innhaldsparallellitet mellom punkta: Emnet i eitt punkt må henge saman med emnet i dei andre og vere på same logiske nivå.

I dette dømet tek det første punktet til med ein subjunksjon, det andre med eit spørjeord og det siste med ei substantivfrase:


Sensor skal leggje vekt på

- at studenten faktisk har utført arbeidet
- korleis har studenten nærma seg stoffet
- metode

Det blir betre om vi set opp lista med berre spørjeord:

Sensor skal leggje vekt på

- kva arbeid studenten faktisk har utført
- korleis studenten har nærma seg stoffet
- kva metode studenten har brukt



# SPRÅKTIPS

## SPRÅKEGGET



Bidrag til denne spalten er verpet av skrivende mennesker i stat og presse.

*Beitebruken i fylket har utfordringer i forhold til rovvilt.*

Stakkars beitebruk! Men det er visst en dans på roser å være rovvilt.

*I forhold til* betyr vanligvis det samme som *sammenliknet med*. Før du bruker uttrykket *i forhold til*, tenk etter om det går an å bruke en preposisjon som *om*, *med*, *til*, *ved*, *etter*, *i*, *for*, eller et mer presist uttrykk som *i tilknytning til*, *på grunn av*, *ut fra* eller *når det gjelder*.

## Små forskjeller

«Avfinne» eller «innfinne»?

Avfinne seg med noe: finne seg i noe, måtte godta noe.

*Dette må du bare avfinne deg med!*

Innfinne seg: komme, møte opp.

*Du har å innfinne deg på avtalt sted til avtalt tid!*

## Kommatips

Leddsetninger skal ha komma etter seg:  
*Dersom du skal lage omelett, må du knuse egg.*

«For å» og «ved å» er preposisjonsuttrykk. Setninger som begynner med preposisjonsuttrykk, skal ikke ha komma etter seg:  
*For å lage omelett må du knuse egg.*  
*Ved å knuse egg kan du lage omelett.*

## DIKTET

### totonelag

løftenes tid er over  
jeg lover jeg aldri skal løfte deg mer

løftenes tid er forbi  
fordi jeg aldri skal love det mer

*Odd Lund*

## FOR MÅLTROSTAR

### Med vidare

Uttrykket *med vidare* og forkortinga *mv.* har vore lite brukte i nynorsk. Uttrykket er svært bokleg, og vi har det frå vår danske kansel-lispråkarv.

Det vanlege er å bruke  
osb. – og så bortetter  
osv. – og så vidare

Somme tider passar det med  
o.l. – og liknande  
m.m. – med meir

Også i bokmål kan det vere klokt å bruke desse andre uttrykka. Ein kan ikkje rekne med at alle lesarane forstår forkortinga *mv.*

Vi nyttar høvet til å minne om at ord som er forkorta berre i skrift, som i døma over, vanlegvis skal ha punktum. Ord som er forkorta både i skrift og tale, har sjeldan punktum: *NRK, AS*. Forkortingar for mynt, mål og vekt, som *kr, cm* og *kg*, skal ikkje ha punktum.

## FOR BOKFINKER

### Mysteriet medium

Lånord på *-ium* er vanligvis intetkjønnsord i norsk. I bestemt form entall erstattes *-ium* av *-iet*: *medium* – *mediet*. I flertall får mange av disse ordene endelsen *-ier*: *medium* – *medier*. Siden bøyningen her følger norsk mønster, får vi også endelsen *-iene* i bestemt form flertall: *mediene*. I bestemt form flertall er formen *media* likestilt med *mediene*.

I sammensetninger bruker vi *medie-*: *mediedekning, medietrening. Mysterium, studium* og *kriterium* bøyes på samme måte.

Noen lånord på *-um* beholder endelsen i bestemt form entall og kan få latinske flertallsendelser i norsk: *et kvantum* – *kvantumet* – *kvanta* – *kvantaene*.

Eksempler på substantiv som kan få latinske endelser i tillegg til norske, er *visum* og *forum*: *et forum* – *forumet* – *forumer/fora* – *forumene/foruma/foraene*.

Husk at det heter *et forum*, ikke *et fora*.

NYHET!

Språkquiz på  
[www.klarspråk.no](http://www.klarspråk.no)

## Melding om fusjon

Fra nå av finner du informasjonsbrevet *Språktips* på baksiden av *Statsspråk*.

Grunnen til fusjonen er at språktjenesten for statsorganer i fjor høst fikk ansvaret for *Statsspråk* i tillegg til *Språktips*.

De som abonnerte på *Språktips*, vil få e-postmelding når nye utgaver av *Statsspråk* blir lagt ut på nettet. Tidligere utgaver av *Språktips* ligger på [www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no) under «Publikasjoner».

Alle som ønsker det, kan også tegne abonnement på papirutgaven av *Statsspråk*.

## STATSSPRÅK

Bladet for godt språk i staten

### Adresse:

Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

Telefon til Språkrådet og Statsspråk:  
22 54 19 50

### Redaktør:

Torunn Reksten  
[torunn.reksten@sprakradet.no](mailto:torunn.reksten@sprakradet.no)

### Abonnement og adresseendring:

Lars Erik Klemsdal  
[lars.erik.klemsdal@sprakradet.no](mailto:lars.erik.klemsdal@sprakradet.no)

### Utforming:

[www.cmykdesign.no](http://www.cmykdesign.no)

### Trykk:

NR 1 Arktrykk

### Opplag:

18 500  
Redaksjonen avslutta 24.2.2009

ISSN 0805-164X